



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
rådgivar Solveig Silset Berg, 71258517

Vår dato
26.08.2016
Dykkar dato
12.08.2016

Vår ref.
2010/7933/FMMRMSOBE/432.4
Dykkar ref.

Til adresseliste

Surna naturreservat, Surnadal - Dispensasjon til felling av skadegjerande grågås i Surna dyrelivsfredingsområde

Vi viser til søknad om felling/skremming av grågås og kanadagås frå grunneigarar i Surna dyrelivsfredingsområde, vidareformidla av Surnadal kommune, datert 12.08.2016.

Grunneigarane har tidlegare fått dispensasjon til felling/skremming, datert 21.08.2013. Dispensasjonen har no gått ut. Kommunen har blitt kontakta av fleire grunneigarar som melder om at situasjonen er den same som tidlegare år. Det er allereie registrert store flokkar på innmark. Grunneigarane opplyser om at det er ein generell tendens til at både grågås og kanadagås ventar med å trekke bort i takt med at haustane har vore milde dei siste åra. Fuglane har såleis heldt seg lengre i området enn kva ein er vand med.

Det opplysast også om at det dei siste åra har vore like mykje kanadagås som grågås. Det er difor behov for å felle/skremme begge artane.

Kommunen viser til tidlegare søknad, datert 14.08.2013 der problemstillinga er beskrive.

Bakgrunn

Surna naturreservat med Surna fuglelivsfredingsområde vart etablert ved kgl. res. av 27.05.1988 med føremålet «å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv», jf. Forskrift om vern av Surna naturreservat med tilgrensande dyrelivsfreding kap. III. Alle fugle- og pattedyrartar, også fuglereir, egg og ungar, er freda mot jakt og fangst, skade og øydelegging av alle slag, jf. verneforskrifta kap. IV punkt 5.

Det er ingen unntak i verneforskrifta som opnar for uttak av skadegjerande grågås, eller gir heimel til forvalningsstyresmaktene til å gje løyve til dette. Forvalningsmyndigheita kan gjere unntak frå eit verneverd tak dersom det ikkje strir i mot føremålet med verneverd taket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, jf. naturmangfaldlova (NML) § 48. Prinsippa i NML §§ 8 til 12 skal leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndighet, og vurderinga skal gå fram av avgjera, jf. NML § 7.

Vurdering

Det blir søkt om felling og skremming av grågås og kanadagås i dyrelivsfredingsområdet. I samband med dette er det naudsynt med ein dispensasjon frå vernereglane for Surna naturreservat med tilgrensande dyrelivsfreding, då tiltaka for å redusere bestanden av gjæser også omfattar tiltak innanfor vernegrensa til Surna.

Etter ordlyden i «*Forskrift om vern av Surna naturreservat med tilgrensande dyrelivsfreding...*

» er ikkje skremmeskot forbode i dyrelivsfredingsområdet. Det er heller ikkje noko heimmel til å gi løyve til skremmeskot. Etter NML § 15 er derimot unødig jaging av vilt forbode. Dersom skremming er nødvendig som eit førebyggande tiltak, for eksempel som eit alternativ til skadefelling, er dette lovleg utan løyve. Fylkesmannen meiner at i dette tilfellet er skremmeskot eit nødvendig tiltak og grunneigarane treng difor ikkje løyve etter NML eller dispensasjon frå verneforskrifta. I den vidare vurderinga er det difor skadefelling som vil bli vurdert.

Auken i talet på grågås og kanadagås har ført til ein stor auke i konfliktane mellom gås og landbruk, og for enkelte bruk kan dette føre til avlingstap og dermed ha økonomiske konsekvensar. Gåsa går gjerne på ung og spirande gras, og kan opptre i relativt store flokkar på mindre område.

Felling av rastande grågås i Surna dyrelivsfredingsområde vil sannsynlegvis ikkje kunne påverke bestandsnivået av grågås. Det er heller ikkje eit mål at felling i dette området skal regulere bestanden, men det er tenkt å fungere som skremming.

Kanadagåsa er ein uønskt art i norsk fauna, og det er ikkje ei overordna målsetting å bevare kanadagås som ein del av norsk fauna på lang sikt. Forvaltninga har som hovudmål å redusere konfliktar utan omsyn til å oppretthalde bestandane.

Felling av skadegjerande grågås og kanadagås vil kunne gjerast så målretta at det ikkje medfører spesiell forstyrring av andre artar i området. Grågås og kanadagås er ein art i bestandsvekst, og felling av skadegjerande individ betyr lite for verneverdien av grågåsa i så måte. Ut frå det tilgjengelege kunnskapsgrunnlaget, finn fylkesmannen det forsvarleg å kunne gje dispensasjon for felling av skadegjerande grågås og kanadagås i Surna dyrelivsfredingsområde.

Surna dyrelivsfredingsområde omfattar mykje dyrkamark, og det er her registrert eit variert dyre- og fugleliv, med eit mangfold av hekkande fugl, og rastande gjæser, ender og vadefugl. Vi viser til kartleggingar på www.artskart.artsdatabanken.no og www.naturbase.no. Fylkesmannen ser det som avgjerande at rastande individ av andre fuglearistar vert skjerma for evt. forstyrring frå jakt.

Ut frå det tilgjengelege kunnskapsgrunnlaget meiner vi at § 8 i NML er oppfylt, og vi finn at det er forsvarleg å kunne gje dispensasjon til felling av skadegjerande grågås og kanadagås, på visse vilkår.

Ut i frå føre-var prinsippet vil ikkje Fylkesmannen gi løyve til felling anna stader enn på dyrka mark i aktiv bruk, jf. NML § 9.

Surna dyrelivsfredingsområde omfattar i hovudsak dyrka mark med mykje jordbruksaktivitet. Dispensasjon for felling og skremming av skadegjerande grågås og kanadagås vil ikkje føre til ei totalbelastning som kan bli skadeleg eller uheldig verken for grågåsbestanden eller for fuglelivet elles, jf. NML § 10.

Ved å legge skadefellinga til dyrkamark vil ein lettare unngå å forstyrre anna fugl, dette vil også vere ei god tilpassing, jf. NML § 12.

§ 11 er ikkje relevant i denne saka.

Fylkesmannen legg stor vekt på skaden som grågås og kanadagås påfører innmarka og ser behovet for felling av grågås og kanadagås. Fylkesmannen vurderer at felling av skadegjerande grågås og kanadagås ikkje strir mot verneformålet, eller påverkar verneverdiane nemneverdig, jf. § 48, 1. ledd.

Anna

Om skadane som grågås og kanadagås påfører landbruket er eit stort problem i kommunen, meiner fylkesmannen at kommunen bør utarbeide ein forvaltningsplan for desse artane. Fylkesmannen skal godkjenne ein slik plan.

Vi vil og informere om at Fylkeskommunen har myndigheit til å utvide jakttida på kanadagås, samt at fylkesmannen har myndigheit til å utvide jakttida for grågås.

Vedtak

Fylkesmannen forlenger dispensasjon til felling av grågås og gjev også dispensasjon til felling av kanadagås som gjer skade. Dispensasjon gis til grunneigarar, som lista opp i adresselista, i Surna dyrelivsfredingsområde etter naturmangfaldlova § 48.

Dispensasjon er gjeve på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen gjeld for skremming og felling av grågås på innmark i aktiv bruk innafor området som er skravert med gult på det vedlagte flyfotoet.
2. For kanadagås gjeld dispensasjonen i tida **26.07 – 31.10** i åra 2016 – 2018.
3. For grågås gjeld dispensasjonen i tida **10.08 – 30.09** i åra 2016 – 2018.
4. Det kan fellast inntil 20 grågås årleg i den gitte perioden.
5. Kanadagås kan fellast kvotefritt i den gitte perioden.
6. For å oppnå maksimal skremmeeffekt skal det ikkje fellast meir enn eitt individ pr. jaktsituasjon.
7. Det skal ikkje fellast grågås eller kanadagås når andre fugleartar raster i flokkane.
8. Felling kan berre gjerast av grunneigar eller den han/ho engasjerer til det. Skadefelling er ikkje jakt, og skal ikkje leigast ut som det.
9. Kvar felling skal rapporterast inn straks det er utført. Etter avtale med Surnadal kommune tar kommunen imot rapport om felt gås på tlf. **71 65 58 70** eller tlf./SMS til **901 77 053**.

Dispensasjonen gjeld berre på eigen eigedom.

Klagerett

Vedtaket om dispensasjon skadefelling av grågås og kanadagås i Surna dyrelivsfredingsområde kan pålagast til Miljødirektoratet innan 3 veker i samsvar med forvaltningslova § 28 ff. Ein eventuell klage skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Med helsing

Ola Betten (e.f.)
fagansvarleg

Solveig Silset Berg

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

1 Kart over fellingsområde

Kopi:

Surnadal kommune Bårdshaugvegen 1 6650 SURNADAL

Adresseliste:

Ola Ranes og Kari Stensby Ranes		6650 Surnadal
Jon Olav Holte		6650 Surnadal
Norunn Bergheim	Øye Utistua	6650 Surnadal
Ola Møkkelgjerd		6650 Surnadal
Liv Jorun Aarnes Øverland og Peder Øverland		6650 Surnadal
Jarle Skei		6650 Surnadal
Martin Gausen	Øye Oppistua	6650 Surnadal
Ola Kragnes	Øye	6650 Surnadal
Ingebrikt Bævre og Berit Mauset Bævre		6650 Surnadal
Ove Gøran Holten		6650 Surnadal
Lars Langli		6650 Surnadal
Jon I. Melhus		6652 Surna
Ola Sylte Heggset		6650 Surnadal
Svein Sylte		6650 Surnadal
John Helge Gravvold		6653 Øvre Surnadal
c/o Alvarin AS v/ Ivar Årnes	Postboks 3981	Ullevål stadion.
Liv Grimsmo	Øyskog	6650 Surnadal
Jon Gunnar Skei	Setergardsvegen 19	6652 Surna
Arnfinn Sæter	Bruksgrinda 3	6628 Meisingset
Elfrid Sylte		6652 Surna
Roar Nordvik		6652 Surna
Øivind Sæther	Setergardsvegen 15	6652 Surna
Ola Mogstad	Setergardsvegen 21	6652 Surna
Egil Sæther	Surnadalsøra 71	6652 Surna
Ingvar T. Sæther	Setergardsvegen 20	6652 Surna
Jon Magne Sæter og Nina K. Sæter	Øravegen 42b	6652 Surna
Mildrid Vaseng	Øravegen 29a	6652 Surna
Lars Østbø	Øravegen 31	6652 Surna
Anders Sæterøy	Sæterøya	6650 Surnadal
Alf Birger Berntzen Dørum og Irene Heggem Dørum	Gartnerivegen 12	7045 Trondheim
Emil Fiske		6652 Surna
Sivert Hyldbakk	Grytvegen 1a	6652 Surna
Ingebrikt Bolme	Svartvassvegen 8	6650 Surnadal
Ola Helgetun		6655 Vindøla
Anders Sæter	Leitet 14b	6650 Surnadal